



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

Kontakt saksbehandler

Marianne Skogerbø, 51568788

Svar på høyring NOU 2019:25 - Med rett til å mestre

Etter Fylkesmannen i Rogaland sitt syn gir NOU 2019:25 *Med rett til å mestre* ei god retning for vidaregåande opplæring. Meldinga klargjer rolla fylkeskommunen har som skuleeigar og ho sett søkelys på viktige prinsipp for opplæringa.

Kapittel 3 Sluttkompetanse, om å være kvalifisert og drøfting av endringar i tilbod og regelverk

Utvalet føreslår å innføre eit kvalifiseringsprinsipp i vidaregåande opplæring (VGO). Etter Fylkesmannen i Rogaland si vurdering er det samanheng mellom utvala sine forslag om obligatoriske innføringsfag for elevar med få grunnskolepoeng, og forslaget om at elevane får rett til å fullføre VGO med studiekompetanse eller full yrkeskompetanse. Vi er samde i utvalet sitt forslag om å endre frå rett til ei tidsavgrensa tid i VGO, til ei rett til fullføring med studiekompetanse eller full yrkeskompetanse. Samstundes har vi synspunkt på nokre av utvala sine forslag og den praktiske gjennomføringa av desse.

Som utvalet skriv vil innføring av obligatoriske innføringsfag ha som konsekvens at elevane vil gjennomføre VGO i ulik takt. Dersom utvalet sine forslag blir vedtatt er det viktig at fylkeskommunane får på plass naudsynte system og verktøy for å organisere ulik progresjon hos elevane, og sikre den einkilde elev sine rettar. Utvalet poengterer at det må være gode opplæringsstilbod til desse elevane. Fylkesmannen vi i denne samanheng vise til opplæringslovutvalet sitt forslag til ny § 10-2 om å plikta til å sikre tilfredsstillande utbytte av opplæringa (aktivitetsplikt) og meiner at denne vil være med å sikre elevane sine rettar.

Det er ikkje avklart kor mange gonger ein elev skal ha rett til å fylgje opplæring som elev i eit fag. Det er i denne samanhengen bra at utvalet diskuterer kompetanseomgrepet, der grunnkompetanse blir sett på som ein sluttkompetanse for dei som har individuelle mål som ikkje inneber full yrkeskompetanse eller studiekompetanse. Fylkesmannen er samd i utvalet sitt forslag om at elevar som går i løp der man kan bygge på til fullverdig kompetanse, får ein delkompetanse som kan byggast på seinare.

Fylkesmannen i Rogaland vil også peike på det vi ser på som ulike tilnærmingar frå opplæringslovutvalet (NOU 2019:23) og Liedutvalet (2019:25). Begge utvala foreslår at nokre elevar



treng meir opplæring. I opplæringslovutvalet er kriteriet for rett til meir grunnskoleopplæring knytta til omfang. I Liedutvalet er kriteriet knytta til grunnskolepoeng og om eleven har nødvendige forutsetningar for å ha utbytte av opplæringa og dermed bestå faget. Desse forholda må avklarast.

Vi vil vidare peike på at ei organisering der elevane skal gå i ulik takt og at nokre av dei skal ha obligatoriske innføringsfag, strir mot det dagens reglar om inndeling i grupper. NOU 2019:23 foreslår at elevane kan delast i grupper etter nivå i nokre tilfelle. Konsekvensane av forslaga i NOU 2019:25 vil være at inndeling i grupper etter fagleg nivå innførast som eit system. Individuelle rettar medfører rett til individuell progresjon og organisering og kan gjere det krevjande for fylkeskommunen å organisere gode læringsfellesskap. Organisering av elevar i individuelle progresjonsløp og delvis etter grunnskulepoeng, gjer at nokre elevar i mindre grad blir del av eit klassemiljø. Dette vil gjere det utfordrande å etablere gode sosiale fellesskap i klassen. Vi meiner at konsekvensane av forslaget bør utgreiast vidare.

Fylkesmannen i Rogaland er positiv til at fylkeskommunane skal ha eit heilskapleg ansvar for vaksenopplæringa. Fylkesmannen ser òg positivt på ei styrking av vaksenretten og prinsippet om livslang læring, både rekvalifisering og styrking av retten for dei som har fullført og brukt opp ungdomsretten sin utan å bestå. Mange i vaksengruppa er likevel i livssituasjonar med tanke på jobb og familie som tilseier at dei må få eit meir tilpassa opplæringstilbod enn andre elevgrupper. Å ha ein generell rett etter modell av elevretten vil sånt sett ikkje vera like treffsikker mot denne elevgruppa.

Kapittel 9 Styring, roller og ansvar i vidaregåande opplæring

Kap 9.4 omhandlar ansvarsfordeling mellom staten og fylkeskommunen. Utvalet skriv at forslaga ikkje inneber noko endring av denne. Fylkesmannen i Rogaland merker seg likevel at utvalet på side 152 skriv om tilsyn at *Tilsynet kan bidra å identifisere god praksis og fylkesmannen kan fungere som en samtalepartner for fylkeskommuner og skoler*. Vi les vidare at *Tilsynet kan også bidra til bevissthet om regelverket og hvordan dette skal etterleves*. Etter vår vurdering kan slike formuleringar bidra til å svekke forståinga og relasjonen mellom rolla til fylkeskommunen sin eigen revisjon og Fylkesmannen som statleg tilsynsaktør. Fylkesmannen sitt tilsyn kan sjølv sagt bidra til kvalitetsutvikling, men er først og fremst eit lovlegtilsyn. Det er korrekt at Fylkesmannen kan vere samtalepartner, men vi er noko meir enn det. Vi fører tilsyn med om fylkeskommunen følger lova, jf. kommunelova kap 30.

Med hilsen

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Marianne Skogerbø
utdanningsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent